



NLF Sogn og Fjordane

Hovudvalet for Opplæring I Sogn & Fjordane.

Vedr. nedlegging av VG2 – Transport og logistikk i Førde

Det er synd at dette nok ein gong er oppe til vurdering og nedlegging av eit so godt tilbud for dagens unge i Sogn & Fjordane.

Vi viser til møtet med Fagopplæringsnemnda 11.mai i år, der vi meinte at nemnda forstod vårt framtidige behov og hadde positiv innstilling om oppretthalding av 3 regionale tilbud innan Transport og logistikk.

Det er viktig å merke seg at kanskje spesielt denne søkergruppa vel skuletilbod nær heimstaden, og ikkje reiser bort på hybel for å fullføre utdanning. Tidlegare erfaring viser at når vi ikkje hadde tilbud i alle regionane, valgte eleven å reise tilbake til heimstaden sin etter endt læretid, og t.d. Stryn stod utan rekruttering innan sjåføryrket i 2 år.

Dei siste åra har vi rekruttert gode sjåføremne i heile fylket og denne jobben er livsviktig for vår næring, skal vi kunne utvikle seg. Sogn & Fjordane er kjendt for eit sterkt transportmiljø. Dette MÅ vi ta vare på gjennom rekruttering!

All dokumentasjon og gjennomsnittsalder er sendt tidlegare og vedlegger tidligere skriv vedrørende dette.

Ikkje lat eit års dårleg rekruttering og dagens ungdom, som ikkje har klart å bestemme seg, påverke morgendagens arbeidsmulighet! Dette er viktige arbeidsplasser i framtid.

Stryn 27.11.2015

Med venleg helsing

Norges Lastebileigar Forbund
Avd. Sogn & Fjordane

Rolf Olav Tenden

leiar



NLF Sogn og Fjordane

Til medlemmane i Hovudutval for opplæring

Viser til dårlege søkjartal til Transport- og logistikkfaglinja både i Nordfjord, Sogn og Sunnfjord.

NLF Sogn & Fjordane er verkeleg bekymra for utviklinga i søknad til linjene, og vil iversette ytterligere tiltak mot videregåande skular saman med Opplæringskontoret for Transport- og logistikkfag.

Dette for å auke interessen for det viktige sjåføryrket.

Opplæringskontoret og NLF har i mange år jobba målretta for å styrke kompetansen og rekrutteringa til yrket. Mykje er gjort og i inneværande år er det 35 dyktige lærlingar i arbeid rundt om i fylke. Desse lærlingane gjer ein framifrå jobb for våre medlemsbedrifter og viktigheten av dette opplæringsløpet er eit "være eller ikkje være" for sjåførrekruttering i Sogn & Fjordane Fylke!

Eit distriksfylke som Sogn & Fjordane er avhengig av yrkesretta utdanning! Fylket har eit ansvar for tilrettelegging av aktuelle lineval, der Transport- og Logistikk diverre har eit dårleg førsteval i eit synkande elevgrunnlag.

Rapporten Kompetansebygging, utvikling og rekruttering frå 2014 med prosjektleiar Reidar Sandal har sett fokus på alle næringar i fylket og skriv tydeleg på side. 51 – kapittel 8.6:

" Ein bør ha 30 – 40 nye lærlingar pr. år dei første tre til fem åra!


Det er ikkje alle yrke som kan stille 100% læreplass til alle lærlingar. Dette har Opplæringskontoret for transport- og logistikkfag klart i alle år.

Vår henstilling til deg som medlem i Hovudutval for opplæring er at alle dei tre linjene MÅ oppretthaldast. Når andreval er plassert vil linjene vere tilnærma fulle og neste års kull er større, på same tid som NLF og Opplæringskontoret vil auke interessen for sjåføryrket.

Stryn 11.03.2015

Med venleg helsing

Norges Lastebileigar Forbund
Avd. Sogn & Fjordane


Rolf Olav Tenden
leiar